



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokn

Innkalling til møte i

Askvoll sokneråd

Tid: Onsdag 14.01.2026 kl. 17:30-18:20

Stad: Møterom, Askvoll kyrkjekontor

Møtande medlemmer og varamedlemmer:

Terje Mork	Nestleiar
Synnøve Melvær	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Jostein Gryte	Medlem
Oddgun Grane	Medlem
Dag Erlend Grane	Medlem
Stian Lykkebø	Varamedlem

Forfall:

Wenche Ness Gabrielsen	Leiar
Arnt Johnny Langeland	Medlem
Lillian Gjervik	Medlem
Frida Melvær	Medlem
Ragnhild Stav	Medlem
Gro Eikebø Stang	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Sakliste:

Saksnr	§	Sakstittel	Sakshandsamar
SR 2026/01		Godkjenning av innkalling og dagsorden	Rune Ziener
SR 2026/02		Godkjenning av protokoll frå møte 26.11.2025	Rune Ziener
SR 2026/03		Skriv, meldingar og drøftingar	Rune Ziener
FR 2026/04		Budsjett 2026	Rune Ziener
SR 2026/05		Plan for kyrkjemusikk. Aktivitets- og tiltaksplan våren 2026	Rune Ziener
SR 2026/06		Offerliste 1. halvår 2026 (supplert)	Rune Ziener

Askvoll, den 14.01.2026

Rune Ziener
referent

SR 2026/01 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre.

SR 2026/02 Godkjenning av protokollen frå møte 26.11.2025

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 26.11.2025.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 26.11.2025.

SR 2026/03 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 01/2026 Prosjektstillinga for kyrkjelydspedagog

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

FR 2026/04 Budsjett 2026

UTGREIING

Organ for soknet på kommunenivå skal skal, etter forskrift om økonomiforvaltninga for sokn i Den norske kyrkja § 8 (2), vedta årsbudsjettet innan årets begynnelse eller seinast innen 1 månad etter at kommunens løyving er kjent.

Løyvinga for 2026, vedteke i Askvoll kommunestyre 10.12.2025, vart:

*Kr 3 307 436,- i driftstilskot etter nedtrekk på kr 800.000,-
Kr 0,- i investeringstilskot, der 2 millionar som låg inne i økonomiplanen vart teke ut.*

Soknet hadde bedt om reduksjonar i nedtrekket, då ein mangla om lag kr 300.000,- for å få driftsbudsjettet i balanse.

Å få eit budsjett i balanse med nedtrekket på kr 800.000,- i driftstilskot vil vere svært krevjande, og innsparingstiltak vil gje merkbare konsekvensar for kyrkjedrifta i Askvoll, særleg med konsekvens for kyrkjegardsvedlikehaldet.

For 2026 har ein fått til eit budsjettforslag i balanse, men med forventet inntektsnedgang i 2027 må ein i løpet av rekneskapsåret sjå på nye tiltak for å sikre ei berekraftig drift for framtida.

Nærare beskrivelser av innsparingar ligg i del 2 i utgreiinga under driftsbudsjettet under kvar delteneste.

Til investering hadde soknet bedt om kr 2 millionar til takrestaurering Askvoll kyrkje og oppfinansiering av prosjektet med parkeringsplass ved Vilnes kyrkje med kr 300.000,- ut over restmidlar kr 200.000,- til prosjektet i 2025.

Kommunen er kontakta med spørsmål om kva som skjer med tidlegare løyving til parkeringsplassen i og med at ein ikkje får tilleggsløyving så ein kan setje i gang tiltaket. Her ligg ikkje føre svar pr. i dag, men kommunen opplyser at vanleg praksis er at tidlegare løyvingar på ikkje-igangsette prosjekt fell bort ved manglande finansiering,

DEL 1. INVESTERINGSBUDSJETTET

Med manglande finansieringsmidlar vil ein ikkje komme i gang med nye tiltak i 2026.

Det ligg likevel inne til ny budsjettoppføring i 2026 drenering av nye gravfelt på utvida del av Askvoll kyrkjegard. Dette kom ein ikkje i gang med som planlagt i 2025.

Vidare ligg det inne tidlegare planlagt restaurering av orgelet i Holmedal, der kontrakt ligg føre. Pr. januar veit ein ikkje når arbeidet kan ta til, då dette vart utsett frå planlagt oppstart etter påska 2026, på grunn av at orgelbygger sin verkstad vart skada og stengt for reparasjon etter haust-uvêr i 2025.

Prosjektoversikt 2026:

1018 Orgel Holmedal

Askvoll sokneråd har avtalt restaurasjon av orgelet i Holmedal kyrkje i 2026. Opphavleg kontrakt er datert 04.02.2022, men arbeidet har vore utsett då Riksantikvar og orgelbygger tilrådde å vente med dette prosjektet til arbeid med bygningsrehabiliteringa var ferdig.

Opphavleg kontraktssum er på kr 679.120,- men denne vert indeksregulert. Pr. november 2025 tilsvarer dette om lag kr 809.000,-

Ein har om lag kr 665.000,- i gåvemidlar til formålet sett i fond i tillegg til fondsmidlar (kr 155.000,-). til orgel og inventar i Holmedal kyrkje som kan nyttast her.

1022 Drenering Askvoll kyrkjegard

Sidan november i 2021 har ein vore kjent med at dreneringsløyisinga på delar av utvida del av Askvoll kyrkjegard (frå 2016) ikkje fungerer som den skal. Hovudutfordringa her er at det er nytta for dårlege jordmassar, slik at naturleg drenering ned til steinlaget under Askvoll sokneråd gravnivå ikkje fungerer. Det er avgjerande at ein no snarast får etablert eit fungerande dreneringssystem, for pr. i dag stettar ikkje gravfelte krava i lov og forskrift.

Det er utarbeidd eit løysingsforslag, men dreneringsprosjektet er ikkje kostnadsrekna.

Det er tilgjengeleg kr 100.000,- til prosjektet med ny oppføring av unytta tilskot frå 2025.

7000 Eigenkapitaltilskot KLP

Eigenkapitalinnskot til KLP er pliktig over investeringsbudsjettet, så lenge soknet tek del i denne pensjonsordninga. Det er lagt inn investeringsutgift på kr 15.000,- for 2026 finansiert med ordinære driftsmidlar.

TALDEL INVESTERINGSBUDSJETTET

Prosjekt	Teneste	Konto		B 2025
1018	Rehabilitering orgel Holmedal kyrkje			
	04200	42300	Vedlikehald bygg og anlegg	809 000
	04200	44290	MVA	202 000
	04200	47290	Kompensert MVA	-202 000
	04200	49500	Bruk av bunde fond	-809 000
SUM				0
1022	Drenering Askvoll kyrkjegard			
	04300	42300	Vedlikehald bygg og anlegg	100 000
	04300	44290	MVA	25 000
	04300	47290	Kompensert MVA	-25 000
	04300	48300	Tilskot frå kommunen	-100 000
SUM				0
7000	KLP – eigenkapitalinnskot			
	08900	45200	Kjøp av aksjar, andelar og partsdelar	15 000
	08900	49700	Overført frå driftsrekneskapen	-15 000
SUM				0

DEL 2. DRIFTSBUDSJETTET

04100 Kyrkjeleg administrasjon

Lønn og personal:

Ingen særskilte endringsforslag her samanlikna med drifta i 2025.

Vidareføring av å kutte ut møtegodtgjersle til soknerådsmedlemmene.

Vare- og tenestekjøp:

Forslag om å kutte alle kurs/møte med reiser ut over nærområdet.

Ingen kjøp av utstyr og inventar til kyrjekontoret.

Opprydding i antallsgrunnlaget gir redusert utgift til personalforsikringar.

04200 Kyrkjer

Lønn og personal:

Ingen særskilte endringsforslag her samanlikna med drifta i 2025.

Vidareføring av ordninga med at ein ikkje tek inn lønna vikar til gudstenester i kontor sitt fråver (ein praksis som strir med forutsetningar i kyrkjeordninga).

Vidareføring av prosjektstillinga i musikkdiakoni på 10% knytt til Askvollheimen er vidareført med særskilt finansiering.

Vare- og tenestekjøp:

Forslag om å kutte alle kurs/møte med reiser ut over nærområdet.

Ingen kjøp av utstyr og inventar til kyrkjene finansiert med ordinære driftsmidlar.

Ingen vedlikehald av kyrkjene finansiert med ordinære driftsmidlar. (Elektroarbeid etter evt. avdekka avvik ved internkontroll vert oppretthalde).

Forslag om fonds-/gåvefinansiert vare- og tenestekjøp.

Bytte av utrangert varmtvannsbereder i Kvammen finansiert med bunde fond *Kvammen kapell*, kr 9.000,- (saldo kr 33.859)

Montere nye lyskastarar i korpartiet Askvoll kyrkje pga. dårleg lys til sangframføring etc., finansiert med bunde fond *Musikkutstyr Askvoll*, inntil kr 15.000,- (saldo kr 17.895,-).

04300 Gravplassar

Lønn og personal:

Her ligg betydelege innsparingstiltak samanlikna med drifta i 2025.

Fast stilling som kyrkjegardsarbeidar i 50% er føreslege ståande vakant i 2026 etter at førre kyrkjegardsarbeidar slutta i desember 2025.

Ein har i tillegg i 2025 hatt ramme for sesongarbeidarar på kr 130.000,- pluss sosiale utgifter.

For 2026 er dette føreslege redusert til kr 100.000,- inklusiv sosiale utgifter.

Ein kjem ikkje utanom ein situasjon då at gravplassane vil framstå som ustelte gjennom sesongen.

Korleis ein vel å organisere dette arbeidet innanfor ramma vil ein komme tilbake til i løpet av våren, før vekstsesongen.

(Talteknisk i budsjettoppsettet er desse kr 100.000,- mellombels ført på lønnspost ekstrahjelp, og ein må justere seinare når ein vel ei løysing).

Vare- og tenestekjøp:

Forslag om å kutte ut alt løpande vedlikehald av gravplassane og ikkje kjøp av utstyr.

Avgifter og salsinntekter:

Ekstraordinært høgt tal festeutløp gjer at ein kan budsjettere med festeinntekter på kr 670.000,- i 2026.

Denne vil ein måtte redusere med om lag kr 243.000,-.

Budsjettforslaget forutset vidare at ein sel soknet sin minilastar frå 2019 i og med at kyrkjegardsarbeidarstillinga vert ståande vakant. Estimert salspris er sett til kr 150.000,-.

Forslag om fonds-/gåvefinansiert vare- og tenestekjøp.

Fjerning av laga/sletta gravminne på Holmedal kyrkjegard og Stongfjorden gravplass, finansiert med avvikling av utgatte gravfond, kr 15.000,-.

Kyrkjelydstiltak – ikkje kommunalt finansiert

Desse delkapitla er i forslaget budsjetttert i balanse, utan bruk av driftsmidlar frå kommunen, men vert finansierte med gåver, ofringar, trusopplæringstilskot m.v.

04400 Anna kyrkjeleg verksemd

Her ligg utgifter som ikkje er knytt opp til særskilte område i kyrkjelydsarbeidet. Det kan vere kyrkjekaffi, kyrkjelydsarrangement, brudebiblar etc.

Her ligg og ofringar til andre som utgjer størstedelen av beløpa her.

Normalt går deltenesta i pluss, og her er budsjetttert med overskotsmidlar kr 11.000,- avsett i bunde fond for 2026.

04432/04436 Trusopplæring (0-18 år)/Trusopplæring (Interkommunalt samarbeid)

Desse deltenestene må ein sjå i samheng. Hovuddelen av utgiftene her vert finansiert med tilskot til kyrkjeleg undervisning og læring (tidlegare trusopplæringstilskot), eigenbetalingar, gåver og kyrkjeofringar.

Askvoll hadde nedtrekk i tilskotet i 2025 pga. mindreforbruk tidlegare år, men skal få fullt tilskot for 2026, om lag kr 410.000,-.

Framleis er det uvisse knytt til pedagogstillinga, og ikkje noko tilseier tilsetting i stillinga første del av 2026. I budsjettforslaget er lagt til grunn tilsetting i samarbeidsstillinga siste 6 mnd av året med Askvoll som vertsfellesråd.

Askvoll sin stillingsdel (35%) er finansiert med tilskotsmidlar og resterande finansiert med refusjonar frå fellesråd i forslaget.

Her må ein komme tilbake med justeringar når meir er avklart.

Kyrkjeleg undervisning i Askvoll:

Lokal løysing for vårhalvåret 2026, der kantor tek tilleggsarbeid for gjennomføring av tiltak i trusopplæringa av eit omfang på om lag 88 timar er vedteke i sak FR 2025/54. I budsjettforslaget legg ein til grunn at dette arbeidet vert finansiert med tilskotsmidlar grunna vakanse i pedagogstillinga.

Materiell og utgifter til arrangement:

Her er lagt inn i hovudsak vidareføring av forbruk frå rekneskapstal 2025. Med tilskotsmidlane skal det vere god driftsmargin her.

Ein bør ha ein nærare gjennomgang av Askvoll sitt tilbød på arrangement utdelingar m.v. Her må ein sjå på forutsetningar med ny prest og den uavklarte situasjonen med pedagogstillinga.

I alle høve bør ein vurdere å auke opp eigenbetaling for konfirmantar. Satsen har i mange år vore kr 1000,- som dekker ein liten del av soknet sine utgifter. Leir/bibel/evt. konfirmantfestival ligg inne i tilbodet.

Her bør ein kunne legge seg omtrent på nivå med snittet, og t.d. følge Fjaler, som har 1500,-

Samanlikningsgrunnlag i prostiet:

Askvoll	1 000,00
Sunnfjord	1 500,00
Fjaler	1 500,00
Hyllestad	1 400,00
Kinn	1 800,00
Høyanger	1 650,00
Snitt (ekskl. Askvoll)	1 570,00

I budsjettforslaget er det føreslege kr 70.000,- sett i bunde fond som følgje av vakanse i stillinga.

04450 Kyrkjemusikalsk arbeid

Det relativt nye delkapitlet er i forslaget berre ført med inntekter (på nivå med 2025). Inntekter her er billetter/gåver ved konsertar og t.d. kyrkjeofringar på salmekveldar.

Budsjettforslaget legg ikkje opp til bruk av inntekter i 2026, men å bruke inntektene til å styrke/bygge opp det kyrkjemusikalske fondet, som ved inngangen til 2026 utgjør om lag kr 40.000,-. Dette for å sikre større handlingsrom på det kyrkjemusikalske området for framtida.

Fondsavsetning kr 27.000,-

04479 Kyrkjeblad

Trykking av bladet (og utsending til abonnentar med adresselapp) vert finansiert med frivillige bladpengar/gåver, annonsesal og kyrkjeofringar.

3 nummer pr. år har ein kostnad på om lag kr 70.000,-. Til vanleg er det ei underfinansiering her, som må dekkast inn på andre måtar. Det bundne fondet ein hadde til kyrkjebladet er brukt opp for fleire år sidan.

Det har i 2025 vore ei inntektssvikt på bladpengar/gåver, og lite har komt inn i kyrkjeofringar. Jamt over går kyrkjebladet i minus.

Underskotet siste åra er:

2023	2024	2025 (føreelse tal)
4 426	10 108	29 695

For å sikre ein berekraftig økonomi bør ein auke opp rettleiande beløp for bladpengar. Ein samanlikning i prostiet viser at Askvoll ligg betydeleg under rettleiande norm i prostiet (normen i Askvoll har vore uendra i meir enn 10 år):

Kyrkjeblad	Tal utg	Innanbygds		Utanbygds	
		Konting./år	Konting./utg.	Konting./år	Konting./utg.
Askvoll	3,00	200,00	66,67	200,00	66,67
Førde/Naustdal	4,00	350,00	87,50	350,00	87,50
Fjaler	3,00	300,00	100,00	300,00	100,00
Gaular	4,00	300,00	75,00	350,00	87,50
Hyllestad	2,00	250,00	125,00	300,00	150,00
Jølster	4,00	250,00	62,50	350,00	87,50
Kinn	4,00	250,00	62,50	250,00	62,50
Høyanger	3,00	Ingen norm	N	Ingen norm	N
<i>Snitt (ekskl. Askvoll)</i>	3,25	283,33	85,42	316,67	95,83

Ein bør kunne legge seg på nivå med Fjaler for å forsøke å få balanse i kyrkjebladøkonomien, og auke opp rettleiande sats til kr 300,- pr år.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek investeringsbudsjett for 2026 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.
2. Askvoll sokneråd vedtek driftsbudsjett for 2026 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.
3. Sats for konfirmantkontingent vert justert opp til kr 1500,- frå kommande påmelding og rettleiande sats for bladpengar til kyrkjebladet vert sett opp til kr 300,- pr. år.
4. Kyrkjeverja undersøker vidare moglegheitene for å behalde tidlegare løyving til parkeringsplass Vilnes, kr 200.000,-.
5. Soknerådet kjem tilbake til spørsmålet om kyrkjegardsvedlikehald/plenklipping i løpet av våren før vekstsesongen.
6. Soknerådet arbeider gjennom 2026 med tiltak for å sikre ein berekraftig driftsøkonomi for soknet frå budsjettåret 2027.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek investeringsbudsjett for 2026 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.
2. Askvoll sokneråd vedtek driftsbudsjett for 2026 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.
3. Sats for konfirmantkontingent vert justert opp til kr 1500,- frå kommande påmelding og rettleiande sats for bladpengar til kyrkjebladet vert sett opp til kr 300,- pr. år.
4. Kyrkjeverja undersøker vidare moglegheitene for å behalde tidlegare løyving til parkeringsplass Vilnes, kr 200.000,-.
5. Soknerådet kjem tilbake til spørsmålet om kyrkjegardsvedlikehald/plenklipping i løpet av våren før vekstsesongen.
6. Soknerådet arbeider gjennom 2026 med tiltak for å sikre ein berekraftig driftsøkonomi for soknet frå budsjettåret 2027.

SR 2026/05 våren 2026

Plan for kyrkjemusikk. Aktivitets- og tiltaksplan

UTGREIING

Kyrkjemusikkutvalet har i møte 27.11.2025 utarbeidd forslag til tiltaksplan for våren 2026, inkludert instrumentplan, komplettert i etterkant av kantor og kyrkjevevje: KMU-plan del 3: Aktivitets- og tiltaksark. Tiltaksplanen bygger på vedteke KMU-plan, del 2. Sjå vedlegg.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner tiltaksplanen for kyrkjemusikk våren 2026, inkludert instrumentplan, som den ligg føre i forslaget.
2. Kyrkjevevje og kantor kan ved behov gjere mindre justeringar i planen om dei finn dette nødvendig.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner tiltaksplanen for kyrkjemusikk våren 2026, inkludert instrumentplan, som den ligg føre i forslaget.
2. Kyrkjevevje og kantor kan ved behov gjere mindre justeringar i planen om dei finn dette nødvendig.

SR 2026/06 Offerliste 1. halvår 2026 (supplert)

UTGREIING

Det vart ikkje vedteke komplett offerliste for tida t.o.m. juni 2026 i sist handsaming av offerlister (SR 2025/55), då ein ikkje hadde forslag frå kyrkjelydsutvalet i Askvoll.

Forslag frå kyrkjelydsutvalet i Askvoll vil verte lagt fram i møtet.

Kyrkje	Dato	Tid	Type	Offerformål
Askvoll kyrkje	18.01.2026	14:00	Gudstjeneste	Norsk kyrkje i utlandet
Askvoll kyrkje	08.02.2026	11:00	Barnefestivalgudsteneste	Trusopplæringa
Askvoll kyrkje	18.02.2026	19:00	Gudstjeneste	Kirkens SOS
Askvoll kyrkje	01.03.2026	17:45	Gudsteneste for alle konf	Kyrkjelydsarbeidet
Askvoll kyrkje	02.04.2026	19:00	Skjærtorsdag	Olset Bedehus
Askvoll kyrkje	05.04.2026	14:00	Påskedagsgudsteneste	Askvoll kyrkje
Askvoll kyrkje	26.04.2026	11:00	Konfirmasjonsgudsteneste	Kyrkjebladet
Askvoll kyrkje	17.05.2026	10:00	Høgtidsgudsteneste	Leger Uten Grenser
Askvoll kyrkje	24.05.2026	14:00	Pinsedagsgudsteneste	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt
Askvoll kyrkje	28.06.2026	11:00	Gudstjeneste	Lørdagsklubben

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek komplettert offerliste for første halvår 2026 som den ligg føre i forslaget frå kyrkjelydsutvalet i Askvoll.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek komplettert offerliste for første halvår 2026 som den ligg føre i forslaget frå kyrkjelydsutvalet i Askvoll.